

ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK PL

ÅRSMELDING FOR 2009

Rosendal og Omland Vassverk PL er eit vassverk. Føremålet er å levera rikeleg vatn til husbruk og næring i området Løfallstrand – Rosendal - Seimsfoss. Vi er lokalisert i Rosendal i Kvinnherad .

I styret har vore: Egil Skeie, Ragnhild Pile, Olger Leganger , Tor Øystein Havnerås, og Kjell Haugen (formann). Varamenn: Tore Johannes Hatteberg og Reidun Veastad Nerhus. Alfred Underhaug har vore rekneskapsførar. Revisor er Kari Landre Bjerke ved Inter Revisjon Sunnhordland AS,

Det har i året vore 5 styremøte, og styret har handsama 32 saker. I tillegg har det vore fleire møte vedkomande bygging av nytt behandlingsanlegg i Muradalen.

Det har i året vore selt 4 luter (18 i 2008) a kr 20.000,-, totalt kr 80.000,-. I tillegg er det fleire som har søkt om vatn. Dette kjem til inntekt neste år.

Utdrag frå rekneskapet i 2009.	2009	2008
Driftsresultat	837.757	735.744
Finansinntekter	299.792	425.524
Årets overskot overført til fornyelsefond	1.137.549	1.161.268
Lutmiddel	3.983.492	3.903.492
Eigenkapital	13.176.850	11.959.300

Økonomien er god, og vi har ein god likviditet. Det er grunnlag for vidare drift i vassverket. I 2010 kjem dei store utbetalingane knytte til høgdebasseng, overføringsleidning og nytt behandlingsanlegg i Muradalen.

Lønnskostnadar totalt har vore 125.960. Løn til styreformann / dagleg leiar kr 38.570.

Også i år har vi hatt nokre utfordringar med drift og vedlikehald. Vi har hatt 2 brot på hovudleidning på Fossberg. Brot på sideleidningar ved ungdomsskulen, på Skeie og ved Tide garasjen. Dette har ført til at deler av nettet har vore avstengt i korte periodar under reparasjon. Beredskapen på vedlikehald fungerer bra. Etter føre var prinsippet har vi sendt ut kokevarsel 4 gonger via SMS, og 297 luteigarar er no knytt til denne tenesta. Totalt sett meiner styret at vassforsyninga har fungert godt i året. Arbeidet med bygging av ny hovudleidning frå Rosendal til Omvikedalen har gått etter planen. Alle formalitetar vedkomande bygging av kraftstasjon og behandlingsanlegg i Muradalen er i orden. Etter planen startar vi opp det nye anlegget i mai 2011.

Vi gjer merksam på at ROV i følgje forskriftene pr i dag Ikkje har eit godkjent drikkevatt. Dette av di reinseprosessen ikkje er sikker nok.

Samarbeidet i styret har vore godt, og vi har meistra dei utfordringane vi har fått. I styret er 1 kvinne og 4 menn. Varamedlemer er 1 kvinne og ein mann. Det er 2 tilsette på deltid, begge menn

ROV driv ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljø.

Rosendal 24.02.2010

Styret i Rosendal og Omland Vassverk PL

Kjell Haugen


Egil Skeie


Ragnhild Pile


Olger Leganger


Tor Ø. Havnerås
